



Jobbnorge-ID: 109719

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Systemutviklar - senioringeniør - JAVA/databaseutvikling/datahandtering (Mrk. 03-15)

Ved faggruppe Norsk marint datasenter (NMD) er det ledig ei fast stilling som senioringeniør med arbeidsstad i Bergen. NMD arkiverer og tilrettelegg forskingsdata med hovudfokus på Havforskningsinstituttet sine data, (fiske-, hydrografi-, plankton-, egg-/larve-/yngel-data, akustikkdata og næringssalter). Forskingsdata skal i større grad tilgjengeleggjerast over Internett eller Intranett.

Arbeidsoppgåver vil vere programutvikling i Java, databaseutvikling i relasjonsdatabasar - PostgreSQL eller tilsvarande, dataforvalting av ulike marine data og visualisering av forskingsdata på Internett. Noko felt- og toktarbeid og anna reiseverksemd knytt til stillinga kan påreknast.

Søklarar bør ha universitets-/høgskuleutdanning på mastergradnivå, minimum bachelorgradnivå, innan realfag og relevant erfaring. Lang relevant erfaring kan kompensere for manglande formell utdanning.

Søklarar bør ha kompetanse innan databehandling/informatikk og relevant erfaring. Spesiell interesse for systemutvikling mot Internett vil verta vektlagt. NMD brukar mest Linux-baserte serverar med relasjonsdatabasesystema PostgreSQL, PostGIS aksessert ved hjelp av Java. Scriptspråka Python og JavaScript vert også nytta. Erfaring med "unit-testing" er ønskeleg. Utviklingsverktøyet Netbeans IDE vert nytta innan Java-programmering med Agile-teknikkar organisert med SCRUM-metodikken. Kompetanse innan desse systema er å føretrekkje.

Personlege eigenskapar som kommunikasjons- og samarbeidsevner, evne til å arbeide sjølvstendig og målretta og kunne ta ansvar som prosjektleiari vert vektlagt.

Vi tilbyr ei interessant og utfordrande stilling i eit godt arbeidsmiljø med mykje internasjonal kontakt. Vi har fleksibel arbeidstid og gode pensjons- og velferdsordningar.

Stillinga vert løna etter Statens lønnsregulativ som 1181 senioringeniør.

Dersom du ønskjer meir informasjon kan du kontakte faggruppeleiari Helge Sagen,

tlf. 952 15 046, e-post: Helge.Sagen@imr.no.

Havforskningsinstituttet er ei IA-verksemd som er opptatt av mangfald og vi oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje stillinga.

Opplysingar om søklar kan offentleggjerast sjølv om søklar har bedt om å ikkje verta oppført på søklarlista. Søklar vil verta orientert om dette på førehand. Søknad med vedlegg vert ikkje returnert etter avslutta prosess, men forsvarleg makulert.

Skriftleg søknad med CV og kopi av attestar og vitnemål skal sendast til Havforskningsinstituttet, Seksjon Personal- og leiingsstøtte, Postboks 1870, Nordnes, 5817 Bergen, eller til post@imr.no innan 15.2.15.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: